



Møteinnkalling

Utval:	Stord kommune, Kontrollutvalet
Møtestad:	Stord rådhus, kommunestyresalen
Dato:	18.02.2025
Tid:	14:00 (Kurs frå kl. 12.00)

Dagsplan 18. feb.:

Kl. 12.00 – 13.45 Kurs om «habilitet», v/ Mikael Persson i Deloitte.

Kl. 13.45 – 14.00 Matpause (ta med niste). Kaffi vert servert.

Kl. 14.00 – Kontrollutvalsmøte, med orientering frå kommunedirektøren som første politiske sak.

Dersom nokon av medlemmene ikkje kan møte og må melde forfall, vert dei bedne om å gjere dette så tidleg som råd er til Hogne Haktorson, tlf. 911 05 982, hogne.haktorson@vlfk.no . Det er planlagt at Hogne Haktorson møter frå sekretariatet på dette møtet.

Til varamedlemmer er denne innkallinga å sjå på som ei orientering.

Dersom det vert aktuelt at varamedlemmer må møta, vil det bli gjeve nærmare beskjed.

Det er så langt ikkje meldt om avbod til møte.

Varamedlemmane er velkomne til å vera med på kurset kl. 12.00 – 13.45.

Kommuneadministrasjonen og politisk leiing er og invitert til å vera med.

Tarjei Aamot Haga
kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Kopi: Vararepresentantar til kontrollutvalet
Ordførar
Revisor
Kommunedirektør/Rådmann

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 1/25	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 2/25	Godkjenning av protokoll frå møte 04.12.24	2023/470	
	Politiske saker		
PS 1/25	Kommunedirektøren orienterer om arbeid med etikk og missleg framferd i Stord kommune	2023/354	
PS 2/25	Eigarskapskontroll av overordna eigarskapsforvaltning - handlingsplan	2023/355	
PS 3/25	Forvaltningsrevisjon av psykisk helse- og rustenester i Stord kommune - statusrapport	2024/98	
PS 4/25	Bestilling av forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll	2023/391	
PS 5/25	Informasjon frå NKRF sin kontrollutvalskonferanse 2025	2023/471	
PS 6/25	Årsmelding 2024 for Stord kontrollutval	2024/49	
PS 7/25	Gjennomgang av møteprotokollar i Stord kommune	2023/472	
PS 8/25	Eventuelt	2023/468	
	Referat saker		
RS 1/25	FKT - medlemsinformasjon desember 2024	2023/471	
RS 2/25	FKT - medlemsinformasjon januar 2025	2022/33	
RS 3/25	Invitasjon til FKTs fagkonferanse 3. – 4. juni 2025	2022/33	
RS 4/25	Signerte protokoller fra ekstraordinære generalforsamlinger i Hordfast 08.10.2024 og 13.01.2025	2023/475	
RS 5/25	Signert protokoll frå representantskapsmøte Sunnhordland interkommunale miljøverk (SIM) 26.04.24	2023/475	
RS 6/25	Informasjon til kommunane om landsomfattande tilsyn med tenester til heimebuande eldre	2025/4	

GK 1/25 Godkjenning av innkalling og sakliste



Saksframlegg

Saksnr: 2023/470-27

Saksbehandlar: Hogne Haktorson

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Stord kommune, Kontrollutvalet	2/25	18.02.2025

Godkjenning av protokoll frå møte 04.12.24

Forslag til vedtak

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 04.12.2024 vert godkjent.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Møteprotokoll etter møte i Stord kontrollutval 04.12.24

**Møteprotokoll**

Utval:	Stord kommune, Kontrollutvalet
Møtestad:	Stord rådhus, formannskapssalen
Dato:	04.12.2024
Tid:	14:00 - 17:15

Følgjande faste medlemer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Tarjei Aamot Haga	Leiar	AP
Nils Magne Blålid	Nestleiar	SV
Inga Margrethe Fagerbakke	Medlem	AP
Fredrik Litleskare	Medlem	H
Randi Høgås Nesse	Medlem	UAVH

Andre som møtte:

Namn	Stilling
Tommy Johansen	Kommunedirektør (PS 36/24 og PS 40/24)
Inger-Johanne Sørbo Solberg	Manager i Deloitte AS (rekneskapsrevisor)
Kjersti Kalberg	Forvaltningsrevisor i Deloitte AS
Hogne Haktorsen	Kontrollsjef, sekret. for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune

Tarjei Aamot Haga
utvalsleiarHogne Haktorsen
utvalssekretær*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 9/24	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 10/24	Godkjenning av møteprotokoll frå møte 24.09.2024	2023/470	
	Politiske saker		
PS 32/24	Vurdering av om Deloitte AS er uavhengig i høve Stord kommune	2024/52	
PS 33/24	Deloitte presenterer interimisrevisjonsrapport for 2024	2023/476	
PS 34/24	Forvaltningsrevisjon av psykisk helse- og rustenester i Stord kommune - statusrapport	2024/98	
PS 35/24	Forvaltningsrevisjon innan beredskap - oppfølging	2022/248	
PS 36/24	Kommunedirektøren orienterer om protokollering ved synfaringar	2023/472	
PS 37/24	Kurs i regi av Deloitte vårhalvåret 2025	2023/471	
PS 38/24	Møteplan for kontrollutvalet 1. halvår 2025	2023/474	
PS 39/24	Gjennomgang av møteprotokollar i Stord kommune	2023/472	
PS 40/24	Eventuelt	2023/468	
	Referat saker		
RS 22/24	Årsmelding 2023-2024 Mobbeombudet i Vestland	2023/477	
RS 23/24	Politisk spørsmål og svar om mobbing.	2023/477	
RS 24/24	To vitjingsrapportar	2023/477	
RS 25/24	Avgjerd lovlegkontroll - tomt Studalen	2023/477	
RS 26/24	Ny anbefalingen for god skikk og praksis i kontrollutvalgssekretariatene - orienteringer fra kommunedirektøren	2022/33	
RS 27/24	Nytt fra FKT oktober 2024	2022/33	
RS 28/24	NKRF Kontrollutvalgskonferanse 2025	2023/471	
RS 29/24	Mottekne skriv relatert til selskap der Stord kommune har eigarinteresser mv	2023/475	
	Politiske saker		
PS 41/24	Konkurransetsetting av revisjonstenestene for Stord kommune - forslag til konkurransegrunnlag	2023/514	

GK 9/24 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll 04.12.2024 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.
Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent.

Vedtak

Innkalling og sakliste vert godkjent.

GK 10/24 Godkjenning av møteprotokoll frå møte 24.09.2024

Forslag til vedtak

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 24.09.2024 vert godkjent.

Saksprotokoll 04.12.2024 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det var ingen merknader til møteprotokollen.
Møteprotokollen vart samrøystes godkjent.

Vedtak

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 24.09.2024 vert godkjent.

PS 32/24 Vurdering av om Deloitte AS er uavhengig i høve Stord kommune

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar eigenvurderinga frå partner Unni-Renate Moe, vedrørande om Deloitte AS er uavhengig i høve Stord kommune, til etterretning.

Saksprotokoll 04.12.2024 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Manager i Deloitte AS, Inger-Johanne Sørbø Solberg, var tilgjengeleg for spørsmål.

Sekretariatet orienterte om saka.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar eigenvurderinga frå partner Unni-Renate Moe, vedrørende om Deloitte AS er uavhengig i høve Stord kommune, til etterretning.

PS 33/24 Deloitte presenterer interimstrevisjonsrapport for 2024

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar oppsummering etter interimstrevisjon 2024 for Stord kommune frå Deloitte til orientering.

Saksprotokoll 04.12.2024 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Manager i Deloitte AS, Inger-Johanne Sørbø Solberg, orienterte om interimstrevisjonsrapporten.

I ordskiftet som følgte var utvalet bl.a. innom slike moment:

- Betring på nokre undersøkte område ift. tidlegare rapporteringar.
- I kva grad bør det varslast ved overforbruk.
- Budsjettavviksanalyse.
- Korleis kommunen kan disponera rammetilskot, samanlikna med øyremerkte midlar.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar oppsummering etter interimstrevisjon 2024 for Stord kommune frå Deloitte til orientering.

PS 34/24 Forvaltningsrevisjon av psykisk helse- og rustenester i Stord kommune - statusrapport

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.
2. Kontrollutvalet ber om at midlar til ferdigstilling av rapporten i 2025, vert overført frå 2024 til 2025.

Saksprotokoll 04.12.2024 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Forvaltningsrevisor i Deloitte Kjersti Kalberg orienterte om at prosjektet er i rute.

I ordsiftet som følgte hadde kontrollutvalet og revisor dialog om kven (funksjonar) som var aktuelle for å bli intervjuet undervegs.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.
2. Kontrollutvalet ber om at midlar til ferdigstilling av rapporten i 2025, vert overført frå 2024 til 2025.

PS 35/24 Forvaltningsrevisjon innan beredskap - oppfølging

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ser positivt på det forbetningsarbeidet som er utført i samband med forvaltningsrevisjon innan beredskap i Stord kommune.
2. Utvalet ber kommunedirektøren koma med ny skriftleg status, for pkt. B4 og B5 til første møte i utvalet, hausten 2025.
3. Ny statusrapport vert å senda til sekretariatet innan 15.08.25.

Saksprotokoll 04.12.2024 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Kontrollutvalet drøfta fleire aspekt ved oppfølging av revisjonen og beredskapsarbeid generelt sett.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet ser positivt på det forbedringsarbeidet som er utført i samband med forvaltningsrevisjon innan beredskap i Stord kommune.
2. Utvalet ber kommunedirektøren koma med ny skriftleg status, for pkt. B4 og B5 til første møte i utvalet, hausten 2025.
3. Ny statusrapport vert å senda til sekretariatet innan 15.08.25.

PS 36/24 Kommunedirektøren orienterer om protokollering ved synfaringar

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

Saksprotokoll 04.12.2024 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Kommunedirektør Tommy Johansen orienterte om saka.

Kontrollutvalet merka seg at det vil koma prosedyre om protokollering ved synfaringar, som oppfølging av henvendinga frå utvalet. Det var og ordskifte om moment som vil vera nyttige å omtale i ein prosedyre.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

PS 37/24 Kurs i regi av Deloitte vårhalvåret 2025

Forslag til vedtak

1. Utsett kurs om habilitet, vert sett opp i tilknytning til første møte i kontrollutvalet i 2025
2. Kontrollutvalet ber dessutan Deloitte gjennomføre kurs med tema:
.....
3. Tidspunkt for gjennomføring av dette kurset:
4. Sekretariatet vert beden om å ta seg av det praktiske med organisering, kunngjering og avvikling av kursa, gjerne i samarbeid med kommuneadministrasjonen.

Saksprotokoll 04.12.2024 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Kontrollutvalet ønsker at Deloitte held kurs om "Klimarisiko og klimabudsjett" i tilknytning til utvalet sitt møte i april 2025. Dette er 21. tema i "Kurstilbud frå Deloitte 2024". Det var og ønskjeleg at varamedlemmar i kontrollutvalet, kommuneadministrasjon og evt. politisk leiing kan delta på dei to kursa som Deloitte skal halda i vårhalvår 2025

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke, inkl. tema for nytt kurs (pkt. 2) og ønskt dato for dette (pkt. 3).

Vedtak

1. Utsett kurs om habilitet, vert sett opp i tilknytning til første møte i kontrollutvalet i 2025.
2. Kontrollutvalet ber dessutan Deloitte gjennomføre kurs med tema "Klimarisiko og klimabudsjett"
3. Tidspunkt for gjennomføring av dette kurset vert 09.04.2024 i tilknytning til kontrollutvalet sitt møte same dag.
4. Sekretariatet vert beden om å ta seg av det praktiske med organisering, kunngjering og avvikling av kursa, gjerne i samarbeid med kommuneadministrasjonen.

PS 38/24 Møteplan for kontrollutvalet 1. halvår 2025

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet legg opp til desse faste møtene i 1. halvår 2025:

- 18.02.2025
- 09.04.2025
- 21.05.2025

Saksprotokoll 04.12.2024 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet legg opp til desse faste møtene i 1. halvår 2025:

- 18.02.2025
- 09.04.2025
- 21.05.2025

PS 39/24 Gjennomgang av møteprotokollar i Stord kommune

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

Saksprotokoll 04.12.2024 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Utvalet drøfta informasjon som kom fram i fleire av møteprotokollane.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

PS 40/24 Eventuelt

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll 04.12.2024 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

A) Arbeid med etikk og missleg framferd i Stord kommune.

Sekretariatet orienterte om at sist orientering om etikk og missleg framferd i Stord kommune vart gjeve av konstituert rådmann i kontrollutvalet sitt møte 20.04.2023, sak PS 11/23.

Førre utval tilrådde då at tilsvarende sak vart sett på sakslista i siste møte i 2024. Det er seinare kome ny kommunedirektør, som treng tid på å førebu seg til slik orientering. Denne orienteringa kan gjerne haldast i første møte i 2025.

B) Ny brannstasjon på Stord.

Byggmester Markhus AS som skal byggja brannstasjonen på Stord er under konkursbeskyttelse. Utvalsmedlem Fredrik U. Litleskare hadde fleire spørsmål relatert til det, som kommunedirektøren svara ut i møtet.

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

A) Arbeid med etikk og missleg framferd i Stord kommune.

Kommunedirektøren vert invitert til å orientera om etikk og missleg framferd i Stord kommune i kontrollutvalet sitt møte 18.02.2025.

Presentasjon treng ikkje følgja innkalling til møtet, men det er ønskemål om ein skriftleg presentasjon i møtet, som sekretariatet kan oversenda til kontrollutvalet sine medlemmar etterpå.

B) Ny brannstasjon på Stord.

Kontrollutvalet tar informasjon frå kommunedirektøren til orientering.

RS 22/24 Årsmelding 2023-2024 Mobbeombodet i Vestland

Saksprotokoll 04.12.2024 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det kom opp i ordskiftet at ein god del kommunar har politisk behandling av årsmeldingane frå Mobbeombodet i Vestland.

Kontrollutvalet ønskjer at det er ei årleg sak om mobbing som politisk sak i kommunestyret, gjerne i tilknytting til årsmeldinga frå Mobbeombodet i Vestland. Beste praksis frå skulane og barnehagane i Stord kommune kan gjerne vera eit deltema.

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

Kontrollutvalet ønskjer at det er ei årleg sak om mobbing som politisk sak i kommunestyret, gjerne i tilknytting til årsmeldinga frå Mobbeombodet i Vestland. Beste praksis frå skulane og barnehagane i Stord kommune kan gjerne vera eit deltema.

RS 23/24 Politisk spørsmål og svar om mobbing.

Saksprotokoll 04.12.2024 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 24/24 To vitjingsrapportar

Saksprotokoll 04.12.2024 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 25/24 Avgjerd lovlegkontroll - tomt Studalen

Saksprotokoll 04.12.2024 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 26/24 Ny anbefalingen for god skikk og praksis i kontrollutvalgssekretariatene - orienteringer fra kommunedirektøren

Saksprotokoll 04.12.2024 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 27/24 Nytt fra FKT oktober 2024

Saksprotokoll 04.12.2024 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 28/24 NKRF Kontrollutvalgskonferanse 2025

Saksprotokoll 04.12.2024 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Kontrollutvalet ønskte å delta med ein personar på NKRF sin kontrollutvalgskonferanse i januar 2025. Utvalet valde nestleiar Nils Magne Blålid til å representera utvalet. Om han ikkje har høve til å vera med, vil andre faste utvalsmedlemar bli spurt om å ta over plassen.

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

Kontrollutvalet vel nestleiar Nils Magne Blålid til å representera utvalet på NKRF sin kontrollutvalgskonferanse i januar 2025.

RS 29/24 Mottekne skriv relatert til selskap der Stord kommune har eigarinteresser mv

Saksprotokoll 04.12.2024 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

PS 41/24 Konkurransetsetting av revisjonstenestene for Stord kommune - forslag til konkurransegrunnlag

Forslag til vedtak

1. Forslag til konkurransegrunnlag, med dei endringar som kom fram i møtet, vert vedteke.
2. Sekretariatet får fullmakt til å gjera naudsynte redaksjonelle og strukturelle endringar i konkurransegrunnlaget før det vert sendt ut.

Saksprotokoll 04.12.2024 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Sekretariatet gjorde merksam om at alle delar av konkurransegrunnlaget er unnateke offentlegheit etter offentleglova § 23, 3. avsnitt, fram til konkurransegrunnlaget er offentleggjort ved kunngjering av konkurransen.

Møtet blei lukka med heime i kommunelova § 11-5, jf. offl. § 14. Lukkingsvedtaket var samrøystes.

Sekretariatet presenterte tidsplan for konkurransen og dei hovudtrekka i konkurransegrunnlaget som det var behov for at kontrollutvalet tok stilling til, og svarte på spørsmål. Kontrollutvalet fekk lagt fram ein powerpointpresentasjon. Det blei gjort ei avklaring på møteplikt for forvaltningsrevisor i tråd med tilrådinga frå sekretariatet (presentert som alternativ a i presentasjonen). Det blei ikkje gjort andre endringar i konkurransegrunnlaget.

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

1. Forslag til konkurransegrunnlag, med dei endringar som kom fram i møtet, vert vedteke.
2. Sekretariatet får fullmakt til å gjera naudsynte redaksjonelle og strukturelle endringar i konkurransegrunnlaget før det vert sendt ut.



Saksframlegg

Saksnr: 2023/354-8
Saksbehandlar: Hogne Haktorson

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Stord kommune, Kontrollutvalet	1/25	18.02.2025

Kommunedirektøren orienterer om arbeid med etikk og missleg framferd i Stord kommune

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering
2. Utvalet ber om ny informasjon til utvalet sitt første møte i 2026.

Samandrag

Føremålet med denne saka er at kontrollutvalet skal få orientering frå kommunedirektøren på korleis status er i Stord kommune når det gjeld arbeid med etikk og misleg framferd.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Sekretariatet sende slik epost til Stord kommune 20.12.24:

Følgjande vart protokollert frå møte i kontrollutvalet i Stord kommune 04.12.24.

Det var i sak PS 40/24 Eventuelt, underpunkt A:

Behandling i møte

A) Arbeid med etikk og missleg framferd i Stord kommune.

Sekretariatet orienterte om at sist orientering om etikk og missleg framferd i Stord kommune vart gjeve av konstituert rådmann i kontrollutvalet sitt møte 20.04.2023, sak PS 11/23.

Førre utval tilrådde då at tilsvarande sak vart sett på sakslista i siste møte i 2024. Det er seinare kome ny kommunedirektør, som treng tid på å førebu seg til slik orientering. Denne orienteringa kan gjerne haldast i første møte i 2025.

Vedtak

A) Arbeid med etikk og missleg framferd i Stord kommune.

Kommunedirektøren vert invitert til å orientera om etikk og missleg framferd i Stord kommune i kontrollutvalet sitt møte 18.02.2025.

Presentasjon treng ikkje følgja innkalling til møtet, men det er ønskemål om ein skriftleg presentasjon i møtet, som sekretariatet kan oversenda til kontrollutvalet sine medlemmar etterpå.

Påskrift frå sekretariatet:

- Om ikkje anna vert avtalt, er kommunedirektøren med dette invitert til å gje slik orientering frå møtestart **18.02.2025 kl. 14.00**.
- Møtet er på rådhuset, i kommunestyresalen. Det er kurs om habilitet same stad frå kl. 12.00 – kl. 13.45.
- Legg for ordens skuld ved tilsvarande orientering som vart gjeven i kontrollutvalet sitt møte 20.04.2023, sak PS 11/23.
- Ny skriftleg orientering av februar 2025, kan mottakast i møtet eller like etter møtet.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i sak der utvalet vil innhente informasjon, jf. kommuneloven § 23-2.

Vurderingar og verknader

Kommunedirektøren er som nemnt over blitt invitert til møtet. Førre orientering, frå dåverande konstituert rådmann, vart lagt ved til orientering. Slike orienteringar kan td. ha slik innhald:

1. Kva er gjort på etikk området siste året?
2. Kva er planlagt å gjera innan etikk det neste året?
3. Er det gjennomført dilemmatrening?
4. Er det halde kurs eller seminar om etikk?
5. Generell informasjon om omfang og handtering av eventuell misleg framferd i kommunen
6. Osv.

Omgrepet misleg framferd vert definert slik i revisjonsstandar ISA 240

<https://www.revisorforeningen.no/fag/standarder-og-veiledninger/revisjonsstandardene/>:

«En bevisst handling begått av en eller flere personer innen ledelsen, av personer som har overordnet ansvar for styring og kontroll, av ansatte eller av andre, som innebærer uredelighet for å oppnå en urettmessig eller ulovlig fordel.»

KS og Transparency International Norge (TI Norge) har laga ei dilemmasamling om refleksjon rundt etikk og antikorrupsjon i kommunar og fylkeskommunar som finns på denne lenkja: [Dilemmasamling for kommuner og fylkeskommuner - Forum for kontroll og tilsyn \(fkt.no\)](https://www.fkt.no/for-utvalgte-kommuner-og-fylkeskommuner)

Det vil vera ei føremon om det også vert orientert om kommunen har laga eit **antikorrupsjonsprogram** eller har vurdert å lage eit slikt program. Jf. i den forbindelse «Håndbok i antikorrupsjon – Beskytt kommunen» som er å finna på denne lenkja: [Beskytt-kommunen-Handbok-i-antikorrupsjon.pdf \(ks.no\)](https://www.ks.no/om-ks/for-kommuner-og-fylkeskommuner/handbok-i-antikorrupsjon)

Konklusjon

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet tar informasjonen til orientering, samt kjem med tilråding om at kontrollutvalet får ei ny orientering om eit års tid.



Saksframlegg

Saksnr: 2023/355-29
Saksbehandlar: Hogne Haktorson

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Stord kommune, Kontrollutvalet	2/25	18.02.2025

Eigarskapskontroll av overordna eigarskapsforvaltning - handlingsplan

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ser positivt på det forbetningsarbeidet som er sett i gang i samband med forvaltningsrevisjon innan beredskap i Stord kommune.
2. Kontrollutvalet ber kommunedirektøren koma med ny skriftleg status på oppfølging av forvaltningsrevisjonen til første møte i utvalet i 2026. Hovudfokus kan vera orientering om etterleving av innhaldet i dei vedlagte skriva etter at prosedyrane har fått verka ei tid, samt informasjon om det er funne grunn for å gjera redigeringar i dokumenta.
3. Statusrapporten vert å levera til sekretariatet innan 15.01.2026.

Samandrag

Eigarskapskontroll av overordna eigarskapsforvaltning vart slutført våren 2024. Handlingsplan, om administrasjonen si oppfølging av kommunestyret sitt vedtak av 30.05.24, ligg føre som vedlegg til denne saka. Dette er kontrollutvalet si første oppfølging av rapporten.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Svar - Eigarskapskontroll av overordna eigarskapsforvaltning - handlingsplan.pdf

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet bestilte eigarskapskontroll av overordna eigarskapsforvaltning i møte 20.04.2023, sak PS 13/23.

Rapport etter eigarskapskontrollen vart handsama av kontrollutvalet 15.04.24 (sak PS 11/24), som innstilte overfor kommunestyret.

I kommunestyremøte 30.05.2024 (sak PS 41/24), fatta kommunestyret slik vedtak:

På bakgrunn av eigarskapskontroll av overordna eigarskapsforvaltning i Stord kommune, ber kommunestyret kommunedirektøren om å:

1. Utarbeide ei samla, skriftleg oversikt med fordeling av roller og ansvar i arbeidet med eigarskapsforvaltninga.
2. Legge til rette for supplerande opplæring knytt til eigarskapsforvaltning til folkevalde seinare i valperioden, samt opplæring for styremedlemmar som er innstilt frå kommunen.
3. Forankre eigarskapsmelding og eigarstrategiar i selskapa kommunen har eigarskap i.
4. Vurdere å tydeleggjere, til dømes i eigarskapsmeldinga, kva kriterium som ligg til grunn for kva selskap det skal bli utarbeidd eigarstrategi for og eventuelt kva selskap kommunen ønskjer å følgje særskilt opp basert på ei risiko- og vesentlegvurdering.
5. Vurdere om det er behov for noko meir utfyllande eigarstrategiar for dei viktigaste selskapa.
6. Etablere rutinar for å føre referat frå eigarmøte, for å sikre sams oppfatning om det som er diskutert og informert om i møta.
7. Etablere retningslinjer for at valkomiteen si innstilling av styrekandidatar skal grunngjevast skriftleg i saksframlegget til kommunestyret.
8. Følgje opp kommunen sine eigne føresegn og retningslinjer for arbeidet med eigarskapsforvaltning, under dette:
 - a) Sørkje for at rekneskap, årsmelding, strategidokument og liknande blir lagt fram for relevant politisk organ i forkant av møte i eigarorgan so langt det er mogleg og føremålstenleg.
 - b) Sørkje for at det ikkje er same styremedlemmar i morselskap og dotterselskap, ev. forklare kvifor dette prinsippet ikkje blir etterlevd.
 - c) Opprette valkomité i selskap kommunen eig saman med andre eigarar.
 - d) Følgje opp at styremedlemmar blir registrert i KS sitt styrevervregister.
9. Etablere rutinar for å følgje opp at kommunen sine krav og forventningar blir etterlevd av selskapa som kommunen har eigarskap i (til dømes gjennom eigarmøte, krav til rapportering, gjennomgang av sentral dokumentasjon).
10. Lage ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 02.09.24 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgje opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Handlingsplan vart etterspurt på nyåret og ligg som vedlegg til denne saka.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å følgje opp kommunestyret sine vedtak etter revisjonsrapportar, jf. kommunelova § 23-2, e.

Vurderingar og verknader

Sekretariatet mottok vedlagte handlingsplan 30.01.2025 frå Stord kommune. Den gjev informasjon om oppfølging av denne eigarskapskontrollen.

Sekretariatet ser positivt på det forbetningsarbeidet som er sett i gang i samband med overordna eigarskapsforvaltning. Det synest som at mange strukturar er komne på plass, som prosedyre for arbeid med eigarskapsforvaltning, utkast til ansvar, roller og oppgåver samt rapport / sjekkliste for dagleg leiar, jmf. vedlegg til handlingsplanen.

Her igjennom er mange strukturar lagt på plass. Før kontrollutvalet slepp taket på oppfølgingsarbeidet, tilrår sekretariatet at kommunedirektøren orienterer om etterleving av innhaldet i desse skriva etter at prosedyrane har fått verka ei tid, samt informerer om det er funne grunn for å gjera redigeringar i dokumenta. Dette kan td. takast i første møte over ferien, men det kan og vera at første møte i 2026 er like godt eigna. Ettersom noko skal utførast i mai (oppdatert eigarskapsmelding på nettsida) og noko ved årsslutt (rapport/sjekkliste for dagleg leiar innan 31.12), vert det tilrådd å venta til like over neste årsskifte.

Innan kontrollutvalet sitt ansvarsfelt synest det som at kontrollutvalet sitt ansvar er formulert ut frå kommunelova av 1992 og gjerne kan redigerast ut frå ny kommunelov av 2018. I den nye kommunelova er selskapskontroll erstatta med forvaltningsrevisjon i selskap, og eigarskapskontroll.

Konklusjon

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet ber kommunedirektøren koma med ny skriftleg status på oppfølging av rapport etter overordna eigarskapsforvaltning til første møte i utvalet i 2026. Statusrapporten bes levert sekretariatet innan 15.01.2026. Fokus kan vera orientering om etterleving av innhaldet i dei vedlagte skriva etter at prosedyrane har fått verka ei tid, samt informasjon om det er funne grunn for å gjera redigeringar i dokumenta.

Sekretariat for kontrollutvalet

Vår dato: 30.01.2025

Vår ref: 2023/6358

Dykkar ref:

Eigarskapskontroll av overordna eigarskapsforvaltning - handlingsplan

Viser til Kontrollutvalet sitt brev datert 25.01.25, der det vert vist til kommunestyret sitt vedtak av 30.05.24, PS 41/24. Kontrollutvalet ber om opplysning innan 31.01.25 på status for handlingsplanen knytt til eigarskapskontroll av overordna eigarskapsforvaltning.

Som ledd i oppfølging av Forvaltningsrevisjon av overordna eigarskapsforvaltning, har kommunedirektøren laga ei [prosedyre for arbeid med eigarskapsforvaltning](#), sjå vedlegg 1. Dette er samtidig eit utkast til handlingsplan for oppfølging av forvaltningsrevisjonen, men utforma som ei prosedyre.

I tillegg er det laga utkast til [Ansvar, roller og oppgåver - Praktisk handtering av eigarskap i Stord kommune](#), sjå vedlegg 2. Kommunedirektøren meiner denne bør liggja på kommunen si nettside. Det er også uforma ein [Rapport/sjekkliste for dagleg leiar](#).

Med helsing

Tommy Johansen
Kommunedirektør

Iren Dyrseth
Controller

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift

Kommunedirektøren
Borggata 2
5402 post@stord.kommune.no
Org. nr 939 866 914

Telefon:

Vedlegg 1.

Stord Overordna dokument Anna Eigarskapsforvaltning

Eigarskapsforvaltning i Stord kommune

Metadata

Føremål

Sikra at selskap som Stord kommune har eigarskap i, etterlev eigarskapsstrategien som Stord kommune har for selskapet, samt at selskapet etterlev krava som er stilt i Stord kommune si eigarskapsmelding.

I kommunestyret sitt vedtak av 30.05.24., PS 41/24 (2023/6358 – 15), vert kommunedirektøren bedt om å følgja opp ei rekkje punkt. Desse punkta er nytta som utgangspunkt for prosedyra nedanfor.

Ansvar for utføring av prosedyra

Kommunedirektør, ordførar, eigarskapsrepresentant, økonomisjef, politisk sekretær og controller

Ansvar for at prosedyra er rett og kjend for dei tilsette

Kommunedirektør

Aktivitet/skilddring

1. Utarbeide ei samla, skriftleg oversikt med fordeling av roller og ansvar i arbeidet med eigarskapsforvaltninga.
 1. Sjå utkast til samla, skriftleg oversyn med fordeling av roller og ansvar i arbeidet med eigarskapsforvaltninga, sjå vedlegg:
 1. Praktisk handtering av eigarskap, roller og ansvar
 1. Kommunestyret, formannskapet, valnemnda, eigarrepresentanten, kontrollutvalet, kommunedirektøren
 2. Nærare om kommunedirektøren si rolle
 1. Kven reviderer eigarskapsmeldinga?
 1. Controller

2. Kven skal følgja opp og ha oversyn over kjøp og sal av/i selskap:
 1. Økonomisjef
3. Kven skal forankra eigarskapsmelding og eigarskapsstrategiar i selskapa?
 1. Eigarrepresentanten/ane (sjå nettside om interkommunale medlems- og representantskap)
4. Kven sikrar at oppdatert eigarskapsmelding vert lagt på nettsida?
 1. Controller (typisk i mai)
5. Kven skal ha oversyn over styre og eigarskapsrepresentantar?
 1. Politisk sekretariat
6. Kven skal sørgja for supplerande opplæring?
 1. Kommunedirektør, med politisk sekretariat som koordinerande

2. Legga til rette for supplerande opplæring knytt til eigarskapsforvaltning til folkevalde seinare i valperioden, samt opplæring for styremedlemmar som er innstilt frå kommunen.

1. Kommunedirektør tek stilling til om det skal gjevast supplerande opplæring knytt til eigarskapsforvaltning
2. Opplæring er sjekkpunkt i rapport/sjekkliste for dagleg leiar, sjå vedlegg
 1. Rapport/sjekkliste vert sendt ut av controller årleg til selskap som Stord kommune har tydelege eigarinteresser (t.d. 80% offentleg eigarskap og selskap det pr. d.d. er utarbeid eigarskapsstrategiar)
 1. Utsending skjer seinast i oktober
 2. Frist for rapportering er sett til 31.12.
3. Dokumentforvaltninga registrerer rapportane i kommunen sitt sak/arkivsystem
4. Ordførar legg fram rapportane som referatsak for formannskapet etter årsskiftet (2024/...)

3. Forankra eigarskapsmelding og eigarstrategiar i selskapa kommunen har eigarskap i.

1. Controller legg årleg ut oppdatert eigarskapsmelding på Stord kommune sine nettsider (typisk i mai)
2. Forankring er sjekkpunkt i rapport/sjekkliste for dagleg leiar, sjå vedlegg

4. Vurdera å tydeleggjera, til dømes i eigarskapsmeldinga, kva kriterium som ligg til grunn for kva selskap det skal bli utarbeidd eigarstrategi for og eventuelt kva selskap kommunen ønskjer å

følgje særskilt opp basert på ei risiko- og vesentlegvurdering.

1. Kriteria er implementert i eigarskapsmeldinga

5. Vurdera om det er behov for noko meir utfyllande eigarstrategiar for dei viktigaste selskapa.

1. Kommunedirektøren vurderer om det er behov for meir utfyllande eigarskapsstrategiar, i samband med den årlege revideringa av eigarskapsmeldinga

6. Etablera rutinar for å føre referat frå eigarmøte, for å sikra sams oppfatning om det som er diskutert og informert om i møta.

1. Referat frå eigarskapsmøta er sjekkpunkt i rapport/sjekkliste for dagleg leiar, sjå vedlegg
2. Ordførar legg fram referata som referatsak til formannskapet

7. Etablera retningslinjer for at valkomiteen si innstilling av styrekandidatar skal grunngjevast skriftleg i saksframlegget til kommunestyret.

1. Valkomiteen nyttar «Mal - Val av styremedlemmer» i sak/arkivsystemet, slik at grunngjeving for innstilling av styrekandidatar vert sikra
 1. Sjå eigarskapsmelding pkt. 12 – Prosedyrar for å sikra rett kompetanse i selskapsstyra.

8. Følgja opp kommunen sine eigne føresegner og retningslinjer for arbeidet med eigarskapsforvaltning, under dette:

1. Sørgja for at rekneskap, årsmelding, strategidokument og liknande blir lagt fram for relevant politisk organ i forkant av møte i eigarorgan so langt det er mogleg og føremålstenleg.
 1. Ordførar legg fram protokollar frå selskapa som referatsak til formannskapet fortløpande (2024/7592)
2. Sørgja for at det ikkje er same styremedlemmar i morselskap og dotterselskap, ev. forklara kvifor dette prinsippet ikkje blir etterlevd. Sjekk døme i rapporten der same person sit i mor- og dotterselskap samstundes. Same styremedlem sit i morselskapet Stord kommunale utviklingsselskap og i

dotterselskapet Stord kommunale eigedomsselskap AS.

1. Dette vert forhinda ved val og grunngjeving for val av styremedlemmer, sjå pkt. 7.
3. Oppretta valkomité i selskap kommunen eig saman med andre eigarar.
 1. Eigarrepresentanten føl opp retningslina i eigarskapsmeldinga om å oppretta valkomite i selskap kommunen eig saman med andre.
4. Følgja opp at styremedlemmar blir registrert i eige styrevervregister.
 1. Styrevervregistrering er sjekkpunkt i rapport/sjekkliste for dagleg leiar, sjå vedlegg
9. Etablera rutinar for å følgja opp at kommunen sine krav og forventningar blir etterlevd av selskapa som kommunen har eigarskap i (til dømes gjennom eigarmøte, krav til rapportering, gjennomgang av sentral dokumentasjon).
 1. Nytt ei enkel rapport/sjekkliste frå dagleg leiar som sikrar oppfølging av styra, sjå vedlegg. Sjå også pkt. 2.2 ovanfor:
 1. At selskapet har utarbeidd retningsliner for etisk og samfunnsansvarleg forretningsdrift, samt at desse blir jamleg revidert.
 2. At alle styremedlemmar i selskap der Stord kommune har eigarskap registrerer seg i KS sitt styrevervregister.
 3. At godtgjersler i selskap som kommunen eig eller har vesentlege eigarinteresser i, mellom anna skal reflektera styret sitt ansvar, kompetanse, tidsbruk og verksemda sin kompleksitet. Generelt skal styreleiar godtgjerast særskilt i høve styremedlemmane.
 4. At styra skal etablera faste prosedyrar for å handtera moglege gildskapskonfliktar.
 5. At det blir fastsett ein styreinstruks og instruks for dagleg leiar med særleg vekt på ei klar intern ansvars- og oppgåvefordeling.
 6. At styret fastset ein årleg plan for styret sitt arbeid med vekt på mål, strategi og gjennomføring, og at det blir etablert møteplan.
 7. At styret årleg gjennomfører ei eigenevaluering.
 8. At styret gjer greie for selskapet si styring og leiing i ein årsrapport

Vedlegg

Ansvar, roller og oppgaver - Praktisk handtering av eigarskap i selskap i Stord
kommuneEigarskapsmelding - Eigarskap og selskapsstyring i Stord
kommuneRapport/sjekkliste for dagleg leiar

Vedlegg 2

Stord Overordna dokument Anna Eigarskapsforvaltning

Ansvar, roller og oppgåver - Praktisk handtering av eigarskap i selskap i Stord kommune

Metadata

Praktisk handtering av eigarskap i Stord kommune

– Roller, oppgåver og ansvar

Når ein kommune som Stord vel å leggja kommunale tenester og oppgåver til selskap utanfor den ordinære kommunen, inneber dette ei form for fristilling av verksemda. Dette kan redusera moglegheita for direkte politisk styring, og den politiske styringa må difor ivaretakast gjennom formelle styringskanalar som er regulerte av lovverket. For å sikra vellukka og aktiv styring er det avgjerande at rollefordelinga mellom dei ulike aktørane er tydeleg og kjent. I dette kapittelet får du ei oversikt over korleis Stord kommune utøver eigarskapet sitt.

Kommunestyret

Kommunestyret er det øvste styringsorganet i kommunen og har det overordna ansvaret for all kommunal verksemd, også for dei tenestene og oppgåvene som er lagt til selskap utanfor den ordinære kommuneorganisasjonen. Kommunestyret har derfor eit ansvar for eigarstyringa, og fastset eigarskapspolitikken og prinsipp for eigarstyringa gjennom vedtak av eigarskapsmeldinga.

- **Etablering av selskap:** Kommunestyret har stor påverknad ved etablering av nye selskap, både gjennom å fastsetja føremål og val av organisasjonsform. Val av organisasjonsform bør baserast på verksemda sitt føremål og kommunen sitt behov for kontroll og styring.
- **Eigarstyring:** Etter at verksemda er etablert, har kommunestyret meir indirekte kontroll gjennom vedtekne prinsipp for eigarstyring og dei formelle styringskanalane.

Kommunestyret sine oppgåver:

- Fastsetja overordna rammer for eigarskapspolitikk og eigarstrategiar gjennom eigarskapsmeldinga.
- Vedta etablering, avvikling og deltaking/utmelding frå selskap.
- Godkjenna vedtekter, samarbeidsavtalar, selskapsavtalar og aksjonæravtalar.
- Fastsetja mål og rammer i samband med årleg budsjettbehandling, der det er aktuelt, t.d. selskap der Stord kommune eig 100% av aksjane.

Formannskapet

Formannskapet har ei viktig rolle i å sikra aktiv og heilskapleg folkevald eigarstyring. Formannskapet handsamar alle saker knytt til eigarskap før dei vert behandla i eigarorgana i dei ulike selskapa. Dette gir formannskapet moglegheit til å drøfta saker og påverka eigarrepresentanten i eigarorganet.

- **Avgjerder:** Ved store prinsipielle spørsmål avgjer ordførar om saka skal først vidare til kommunestyre for avgjersle.
- **Direkte instruksjon:** Formannskapet kan ikkje instruera leiinga i selskapa direkte.

Formannskapet sine oppgåver:

- Handsama saker knytt til eigarskap og eigarstyring løpande.
- Utgjera eigarorgan for eventuelle kommunale føretak og velja styremedlemmar i desse føretaka.
- Gjennomføre årleg eigardag med føretak og viktige selskap for å sikra god innsikt og eigardialog.

Valkomiteen

Valkomiteen spelar ein sentral rolle i rekruttering, samansetning og utskifting av styremedlemmar i selskap der kommunen har eigarskap. Valkomiteen innstiller på styrerepresentantar, og dei vil ta omsyn til kompetansekrav i sitt arbeid.

- **Formelt val:** Det formelle valet av styremedlemmar skjer i eigarorgana som generalforsamling eller representantskap eller liknande.

Eigarrepresentantar

Eigarrepresentantar møter i eigarorgana (som generalforsamlingar eller representantskap eller liknande) på vegne av kommunen og sørgjer for at kommunen sine eigarinteresser vert ivarettatt. I praksis er det ordføraren som vanlegvis er eigarrepresentant, men ordføraren kan delegere denne rolla til varaordføraren, andre faste medlemmar i formannskapet eller kommunedirektøren.

Eigarrepresentanten sine oppgåver og ansvar:

- Ivareta eigarinteressene til kommunen.
- Delta på møter i eigarorgan og eigarmøte.
- Gje kommunedirektøren innspel til endring/framlegg til nye eigarskapsstrategiar.
- Avgi stemme i eigarorgana i samsvar med innstilling frå formannskapet og prinsippa i eigarskapsmeldinga.

Kontrollutvalet

Kontrollutvalet har eit lovpålagt ansvar for selskapskontroll og skal sikre at selskapa er underlagt folkevald styring og kontroll. Selskapskontrollen er todelt:

- **Eigarskapskontroll (obligatorisk):** Kontroll på at kommunen ivaretek sitt ansvar som eigar.

- **Forvaltningsrevisjon (frivillig):** Kan gjennomførast i alle typar føretak, med omfang avhengig av eigarforholda i føretaket.

Kommunedirektøren

Kommunedirektøren har ikkje ei formell rolle i eigarstyringa, men har ansvar for å sikra administrative rutinar og støtte opp under den politiske eigarstyringa. Dette inneber:

- Implementera prinsippa for eigarstyring frå eigarskapsmeldinga.
- Fremja forslag til eigarstrategiar etter innspel frå eigarskapsrepresentanten.
- Årleg utarbeida framlegg til revidert eigarskapsmelding.
- Legga til rette for opplæring for folkevalde, særleg eigarrepresentantar.
- Bistå ordførar/eigarrepresentantar i deira styring av selskapa.

Rolla til styret

Styret har det overordna ansvaret for selskapsstyringa. Det er styret, ikkje eigaren, som har ansvar for forvaltning og organisering av verksemda, og for å sikre at dette skjer i tråd med eigarens interesser.

- **Styrets ansvar:** Styret skal føre tilsyn med den daglege leiinga og sikre at verksemda vert drive etter dei rammene som er gjevne av eigar. Styret bør teikna styreforsikring.
- **Personleg ansvar:** Styremedlemmar har eit personleg juridisk ansvar og kan bli haldne økonomisk ansvarlege for feil i forvaltninga.

Styret sine oppgåver:

- Utarbeide ein plan for eige arbeid i tråd med eigarskapsmeldinga.
- Arbeide aktivt med eigen kompetanseutvikling.
- Gi opplæring til nye styremedlemmar om ansvar og rollefordeling.
- Gjennomføre jamlege evalueringar av eigen innsats.
- Etablere prosedyrar for vurdering og handtering av gildskap.
- Følgje etiske retningslinjer i arbeidet.

Vedlegg 3

[Stord](#) [Overordna dokument](#) [Anna](#) [Eigarskapsforvaltning](#)

Rapport/sjekkliste for dagleg leiar

[Metadata](#)

[Rapport/sjekkliste for dagleg leiar](#)

Punkt	Svar	Kommentar
1. Etiske retningslinjer og samfunnsansvar		
Selskapet har utarbeidd retningslinjer.	☐ Ja ☐ Nei	
Prosess for jamleg revisjon er skildra.	☐ Ja ☐ Nei	
2. Registrering i KS sitt styrevervregister		
Alle styremedlemmar er registrert.	☐ Ja ☐ Nei	
3. Styremedlemmar		
Godtgjersler reflekterer ansvar, kompetanse, tidsbruk og kompleksitet.	☐ Ja ☐ Nei	
Styreleiar godtgjerast særskilt.	☐ Ja ☐ Nei	
Styreopplæring er gjennomført.	☐ Ja ☐ Nei	
4. Prosedyrar for handtering av gildskapskonflikhtar		
Prosedyrar er på plass og beskrive.	☐ Ja ☐ Nei	
5. Styreinstruks og instruks for dagleg leiar		
Styreinstruks og instruks for dagleg leiar er utarbeidd.	☐ Ja ☐ Nei	
Instruksane sikrar klar ansvars- og oppgåvefordeling.	☐ Ja ☐ Nei	
6. Planlegging av styrearbeid		
Årleg arbeidsplan er utarbeidd.	☐ Ja ☐ Nei	
Møteplan er etablert.	☐ Ja ☐ Nei	

Punkt	Svar	Kommentar
7. Eigenevaluering av styret		
Styret gjennomfører årleg eigenevaluering.	[] Ja [] Nei	
Eventuelle endringar er implementert.	[] Ja [] Nei	
8. Styring og leiing i årsrapport		
Styring og leiing er beskrive i årsrapporten.	[] Ja [] Nei	
Etterleving av Stord kommune sin eigarskapsstrategi er inkludert.	[] Ja [] Nei	
Eventuelle forbedringar/endringar er framheva.	[] Ja [] Nei	
9. Eigarmøter		
Referat frå eigarmøter er sendt til post@stord.kommune.no.	[] Ja [] Nei	
Styret er kjend med at Stord kommune si eigarskapsmelding ligg på kommunen si nettside	[] Ja [] Nei	

Frist for rapportering: 31.12.

Send elektronisk til Post@stord.kommune.no

Signatur

Stadfesting av at rapporten er gjennomgått og godkjent.

Dato:

Signatur:

Styreleiar, [Selskapet sitt namn]

Vedlegg

[Eigarskapsmelding - Eigarskap og selskapsstyring i Stord kommune](#)



Saksframlegg

Saksnr: 2024/98-17

Saksbehandlar: Hogne Haktorson

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Stord kommune, Kontrollutvalet	3/25	18.02.2025

Forvaltningsrevisjon av psykisk helse- og rustenester i Stord kommune - statusrapport

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

Samandrag

Føremålet med denne saka er at Deloitte skal orientere kontrollutvalet om status for framdrift med denne forvaltningsrevisjonen.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet bestilte forvaltningsrevisjon av psykisk helse- og rustenester i Stord kommune i møte 24.09.2024, der det i sak PS 28/24 vart gjort slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon av psykisk helse- og rustenester i Stord kommune frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og ev. innspel under drøftinga i møtet.
2. Det vert akseptert ein samla timerressurs på inntil det timetal som går fram av prosjektplanen.
3. Det vert også akseptert opsjon på ev. presentasjon av rapporten i Stord kommunestyre fakturert etter timeforbruk, inntil 6 timar.
4. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan 30.04.2024, ferdig verifisert og med kommunedirektøren sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd, slik at den kan handsamast i kontrollutvalet i maimøtet i 2025.

Av den godkjende prosjektplanen går det fram at føremålet med forvaltningsrevisjonen er:

«Føremålet med prosjektet vil vere å undersøke om Stord kommune har ei føremålstenleg organisering av psykisk helse- og rustenester for å sikre eit heilskapleg og koordinert tenestetilbod for menneske med samansette rus- og/eller psykiske helseutfordringar.»

Med bakgrunn i prosjektet sitt føremål har revisjonen formulert følgjande problemstillingar:

- 1) I kva grad har Stord kommune etablert ei systematisk styring av psykisk helse- og rustenestene i kommunen? Under dette:
 - a) Har Stord kommune etablert mål for arbeidet retta mot personar med utfordringar knytt til psykisk helse og/eller rus, og i kva grad blir måla følgt opp?
 - b) Er oppgåver og ansvar innan psykisk helse- og rustenester tydeleg fordelt (inkludert forløpskoordinering)?
 - c) Har kommunen oversikt over eigen kompetanse og eventuelle noverande og framtidige kompetansebehov, samt ein plan for å sikre nødvendig kompetanse innan psykisk helse- og rustenester for vaksne med samansette rus- og/eller psykisk helseutfordringar?
- 2) Legg organiseringa av psykisk helse- og rustenester i Stord kommune til rette for heilskapelege og koordinerte tenester til personar med samansette utfordringar knytt til rus og/eller psykisk helse? Under dette:
 - a) Er det etablert tilstrekkeleg samhandling mellom dei kommunale tenestene som arbeider med denne brukargruppa?
 - b) Er det etablert system og rutinar for å sikre tilstrekkeleg samarbeid mellom psykisk helse- og rusteneste og spesialisthelsetenesta (t.d. DPS og sjukehus) til dømes ved utskriving av pasientar?
- 3) Blir det gjennomført tilstrekkeleg kartlegging og etablert plan for oppfølging av brukarar som sikrar tilpassa tenester? Under dette:
 - a) Er det etablert felles system og rutinar for innhenting informasjon ved kartlegging av nye brukarar?
 - b) I kva grad er det nytta individuelle planar, ansvarsgrupper eller andre relevante tiltak for samordning og koordinering av tenester for brukarar med samansette lidingar?
 - c) I kva grad får brukarane tenester dei har vedtak på (til dømes buoppfølging)?
- 4) Har kommunen etablert system og rutinar for å sikre medverknad frå brukarar og eventuelle pårørande innan psykisk helse- og rustenester? Under dette:

- a) I kva grad er det lagt til rette for at brukarane av psykisk helse- og rustenestene, og eventuelle pårørande, kan medverke ved tildeling og evaluering av tenester til den enkelte brukar?
- b) I kva grad er det etablert system og rutinar for å hente inn erfaringar med tenestene og innspel til forbetring av tenestene frå brukarar og pårørande?

Deloitte har definert slik avgrensing

Forvaltningsrevisjonen er avgrensa til å gjelde Stord kommune sine psykisk helse- og rustenester for vaksne med alvorlege og langvarige psykisk helse- eller rusmiddelproblem som opptretr åleine eller saman (ROP lidingar), og omhandlar ikkje eventuelle førebyggings- eller oppfølgingstilbod for barn og unge eller vaksne med milde og/eller kortvarige utfordringar knytt til psykisk helse eller rusmiddelproblem. Forvaltningsrevisjonen vil vidare ikkje omfatte behandling eller tilbod frå fastlegar, spesialisthelsetenestene eller eventuelle private behandlingstilbod.

Vedtakskompetanse

Det er kontrollutvalet som har ansvar for å gjennomføre slike revisjonar. Det er likevel kommunestyret som har avgjerdsmynde i saka, etter innstilling frå kontrollutvalet, når revisjonsrapport ligg føre, jf. kommunelova § 23-3.

Vurderingar og verknader

I dette møtet vil Deloitte orientere om status og framdrift så langt i prosjektet. Deloitte vert også utfordra på å ta opp med kontrollutvalet dersom dei ser forhold (raude eller gule flagg) som gjer at det bør gjerast endringar i bestillinga.

Kontrollutvalet sitt møte 04.12.24 - saksframlegg.

I saksframlegget vart det formidla slik informasjon frå Deloitte:

- Vi sendte oppstartsbrev (med dokumentførespurnad) til kommunen 2. oktober 2024, med frist for oversending av dokumentasjon 23. oktober. Kommunen bad om ei veke utsett frist for dokumentoversendinga.
- Vi gjennomførte oppstartsmøte med kommunen 17. oktober. Einingsleiar for rus og psykisk helse, controller, samt kommunalsjef og rådgjevar innan rehabilitering, helse og omsorg deltok i oppstartsmøte.
- Vi fekk tilsendt dokumentasjonen frå kommunen 30. oktober, og er godt i gang med å gjennomgå denne.
- Vi er i gang med prosessen for å hente inn dokumentasjon for å gjennomføre stikkprøvekontroll av individuelle planar og pasientkartleggingar. Vi tar sikte på å gjennomføre sjølve stikkprøvekontrollen før jul.
- Vi er i prosess med å kalle inn relevante personar i kommunen til intervju, og har fått god hjelp frå kommunen til å identifisere relevante personar å intervju. Vi tar sikte på å gjennomføre dei fleste intervju før jul (veke 49-50).
- Det er per dags dato ikkje risiko for forseinkingar i prosjektet.

Kontrollutvalet sitt møte 04.12.24 – handsaming i møtet.

Av møteprotokoll frå møtet går dette fram:

Forvaltningsrevisor i Deloitte Kjersti Kalberg orienterte om at prosjektet er i rute.

I ordsiftet som følgte hadde kontrollutvalet og revisor dialog om kven (funksjonar) som var aktuelle for å bli intervju undervegs.

Kontrollutvalet sitt møte 04.12.24 – samrøystes vedtak.

1. Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.
2. Kontrollutvalet ber om at midlar til ferdigstilling av rapporten i 2025, vert overført frå 2024 til 2025.

Vedr. overføring av midlar.

Økonomisjefen i Stord kommune har i e-post av 10.01.25 informert slik vedr. pkt. 2 i vedtaket: «Eg har notert «oppdraget» og sett det på mi huskeliste for årsoppgjeret.»

Vedr. status.

Deloitte v/ Kjersti Kalberg har informert om slik status i e-post av 27.01.2025:

Status for forvaltningsrevisjon av psykisk helse- og rustenester i Stord kommune:

- Vi har gjennomført dokumentanalyse av tilsendt dokumentasjon frå kommunen.
- Vi har gjennomført åtte intervju i samband med revisjonen. Vi har gjennomført intervju med leiarar, tilsette, pårørande og brukarar i tenesta. Vi ventar fortsatt på å få verifisert seks av åtte referat.
- Vi har mottatt relevant dokumentasjon for å gjennomføre stikkprøvekontroll av individuelle planar og pasientkartleggingar. Vi er i prosess med å gjennomføre sjølve stikkprøvekontrollen.
- Det er per dags dato ikkje risiko for forseinkingar i prosjektet.
- Endeleg rapport vil vere klar for oversending til kontrollutvalet ved sekretariatet innan **30.april.**

Konklusjon

Sekretariatet er tilfreds med at det så langt ikkje er risiko for forseinkingar i prosjektet, og tilrår at utvalet tar informasjonen til orientering.



Saksframlegg

Saksnr: 2023/391-21
Saksbehandlar: Hogne Haktorson

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Stord kommune, Kontrollutvalet	4/25	18.02.2025

Bestilling av forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet har intensjon om at det vert gjennomført slik revisjon:
2. Utvalet ber Deloitte om å levera forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, evt. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt.
3. Utvalet ber om at prosjektplan vert levert til sekretariatet seinast 20.03.2025.
4. Kontrollutvalet handsamar prosjektplanen i møte 09.04.2025.

Samandrag

Føremålet med denne saka er at kontrollutvalet skal ta stilling til kva område neste revisjon skal gjennomførast innan. Saka er nært knytt til to saker som kommunestyret handsama i møte 17.06.2024:

- Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2024 – 2028
- Plan for eigarskapskontroll for perioden 2024 - 2028

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kommunestyret har i juni 2024 vedteke plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll, begge for perioden 2024 – 2028.

Det er no tid for å sikta seg inn på kva som bør vera neste revisjonsprosjekt, ikkje minst med utspring frå ein av dei to planane.

Vedtakskompetanse

Det er kontrollutvalet som har ansvar for å gjennomføre slike revisjonar. Det er likevel kommunestyret som har avgjerdsmynde i saka, etter innstilling frå kontrollutvalet, når revisjonsrapport ligg føre, jf. kommunelova §§ 23-3 og 23-4.

Vurderingar og verknader

Desse forvaltningsrevisjons-prosjekta vart gjennomført i føregåande planperiode:

- Beredskap
- Førebyggande arbeid for barn og unge
- Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS)
- Plan- og byggesakshandsaming
- Effektivitet og kvalitet i tenester til psykisk utviklingshemma.

Denne eigarskapskontrollen vart gjennomført i føregåande planperiode:

- Eigarskapskontroll av overordna eigarskapsforvaltning.

I den vedtekne plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2024 – 2028, er desse prosjekta sett opp som prioritert:

1. Rus og psykisk helse (Denne revisjonen pågår. Status i eiga sak til dette møtet)
2. Heimebaserte tenester
3. Skulemiljø
4. Berekraft og klima
5. Vatn og avløp
6. Barneverntenesta (Sunnhordland interkommunale barnevern – SIB)
7. Bemanning, personalforvaltning og sjukefråvær

Meir informasjon om prioriterte prosjekt i planen, som ikkje er gjennomført:

Nr.	Prosjekt	Tema
2	Forvaltningsrevisjon av heimebaserte tenester	• Etterleving av vedtak • Dagtilbod til eldre innbyggjarar • Sjukefråvær og rekruttering • Økonomistyring
3	Forvaltningsrevisjonen av skulemiljø	• Brot på regelverk om trygt og godt skulemiljø • Konsekvensar for enkeltelevar • Auke i fråfall • Implementering og praktisering av ny opplæringslov • Kompetanse
4	Forvaltningsrevisjon av berekraft og klima	• Klimabudsjett og klimarekneskap • Etterleving av FN sine berekraftsmål

- | | | |
|---|---|--|
| 5 | Forvaltningsrevisjon av vatn og avløp | <ul style="list-style-type: none"> • • Etterleving av EU-direktiv • • Auka kostnader for kommunen • • Auka kostnader for innbyggjarane |
| 6 | Forvaltningsrevisjon av barneverntenesta | <ul style="list-style-type: none"> • • Brot på barnevernslova og tilhøyrande forskrifter • • Rekruttering • • Turnover |
| 7 | Forvaltningsrevisjon av bemanning, personalforvaltning og sjukefråvær | <ul style="list-style-type: none"> • • Brot på lover og regelverk • • Sjukefråværsoppfølging • • Rekruttering • • Etterleving av overtidsreglement |

Det er og teke med nokre prosjekt i uprioritert rekkefølge.

I den vedtekne plan for eigarskapskontroll for perioden 2024 - 2028 er desse prosjekta sett opp som prioritert:

1. SIM
2. Stord kommunale utviklingsselskap

Meir informasjon om prioriterte prosjekt i planen:

Nr.	Prosjekt	Tema
1	Eigarskapskontroll av kommunen si forvaltning og oppfølging av Sunnhordaland Interkommunale Miljøverk (SIM)	• • Eigarstyring av interkommunalt samarbeid • • Fordeling av kostnader
2	Eigarskapskontroll av Stord kommunale utviklingsselskap	• • Utviklingsarbeid • • Heileigd av kommunen • • Rolleblanding • • Internkontrollen og drifta til selskapet • • Selskapet si oppgåveløysing • • Bruk av offentlege ressursar • • Rollar og ansvar i oppfølging av selskapet • • Mål, krav og forventningar til selskapet

Det er også i denne planen teke med nokre prosjekt i uprioritert rekkefølge.

Vanlegvis vert det skua til høgst prioriterte prosjekt innan ein av planane, når det er kort sidan dei vart vedtekne. Utvalet har forøvrig fått fullmakter av kommunestyret, både til å definera prosjektet nærare og til å prioritera annleis. Det kan vera ut frå aktualitet, endra risikobilete eller anna.

Det er flest prioriterte prosjekt innan forvaltningsrevisjon. Dessutan har det relativt nylig vore eigarskapskontroll av overordna eigarstyring. Dette kan vera argument for at neste prosjekt er innan forvaltningsrevisjon.

Dersom det er aktuelt med eigarskapskontroll av SIM, må det sjekkast ut om også andre eigarkommunar ønskjer dette prosjektet, med mål om samordna aktivitet.

Kontrollutvalet kan velja å be om prosjektplan for eit konkret prosjekt innan forvaltningsrevisjon eller eigarskapsforvaltning i dette møtet, slik det er lagt opp til i forslag til vedtak.

Utvalet kan alternativt bruke dette møtet i februar på ei fornyet risikovurdering og venta til april med å velja prosjekt.

I begge tilfella er det fint om utvalet har innspel til føremål og problemstillingar / moment, som revisor har med seg til arbeid med utkast til prosjektplan.

Konklusjon

Det er her lagt opp til at kontrollutvalet vel eit prosjekt frå plan for forvaltningsrevisjon eller frå plan for eigarskapskontroll. Vidare at Deloitte lagar prosjektplan som kjem opp til handsaming i neste kontrollutvalsmøte.



Saksframlegg

Saksnr: 2023/471-55
Saksbehandlar: Hogne Haktorson

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Stord kommune, Kontrollutvalet	5/25	18.02.2025

Informasjon frå NKRF sin kontrollutvalskonferanse 2025

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

Samandrag

Deltakar på NKRF sin kontrollutvalskonferanse 30. – 31. januar 2025 vil gje informasjon / «smakebitar» frå konferansen.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Program NKRFs kontrollutvalgskonferanse 2025

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet i Stord kommune avgjorde i møte 04.12.24 at utvalet sin nestleiar kunne vera deltakar på NKRF sin kontrollutvalskonferanse 30. – 31. januar 2025.

Det er ein god skikk at dei som er med på konferansar kan informera resten av utvalet i etterkant om litt av det som var oppe på konferansen. Sekretariatet har informert Nils Magne Blålid om dette og han har sagt seg viljug til å informera.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i sak der utvalet vil innhenta informasjon, jf. kommunelova § 23-2.

Vurderingar og verknader

NKRF – kontroll og revisjon i kommunene, forkorta NKRF, har sin årlege kontrollutvalskonferanse i månadsskiftet januar / februar. Målgruppe for konferansen er, jmf. NKRF si heimeside: «Ledere og medlemmer av kontrollutvalg, kontrollutvalgssekretærer, revisorer, ordførere, kommunedirektører og ellers alle med interesse for kontroll, revisjon og tilsyn i kommunal sektor.»

Kontrollutvalet i Stord kommune avgjorde i møte 04.12.24 at utvalet kunne vera representert med utvalslet sin nestleiar.

Det er greitt at litt av det som vert opplevd tilflyt resten av utvalet. Derigjennom kan kunnskap for heile utvalet bli styrka. Naturleg nok kan ein ikkje gå i detalj på alt som var oppe på to konferansedagar, men noko informasjon og «smakebitar» frå konferansen rekk ein i alle fall.

Konklusjon

Dersom det ikkje kjem fram noko særskilt gjennom det som vert formidla, så tilrår sekretariatet å ta informasjonen til orientering.

Program NKRFs kontrollutvalgskonferanse 2025.

Hovedprogram | Onsdag 29. januar 2025

09.00 Registrering og enkel servering

10.00 Velkommen

Konferansier Håkon Haugsbø og daglig leder Rune Tokle, NKRF

10.10 Raske forandringer – varige verdier

Henrik Syse, forskningsprofessor ved The Peace Research Institute Oslo (PRIO)

10.40 Velfärdsbrottslighet, otillåten påverkan, kriminell ekonomi och kriminella nätverk

Christina Kiernan, Sveriges Kommuner och Regioner (SKR)

Lars Mamen, daglig leder i Fair Play Bygg Oslo og omegn

Ellen Sofie Kittelsbye, leder av Nasjonalt tverretattlig analyse- og etterretningscenter (NTAES)

12.00 Pause og utstilling

12.20 Velferdssamfunnet mot vippepunktet?

Ulf Andersen, statistikkseksjon i NAV

13.00 Lunsj og utstilling

14.00 Fra vugge til grav – kommunale tjenester for framtida

Hilde Singsaas, direktør i Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ)

Frank Jenssen, statsforvalter i Trøndelag

Håvard Moe, seniorrådgiver i KS Konsulent

Kristin J. Kirsebom, kommunedirektør i Færder kommune

15.00 Pause og utstilling

15.20 Tillit er den nye oljen

Alexander W. Cappelen, professor ved Norges Handelshøyskole (NHH)

16.00 Pause og utstilling

16.20 - 17.00 Den etiske kommunen – finnes den?

Dagfinn Høybråten, leder av Kommunesektorens etikkutvalg

Hovedprogram | Torsdag 30. januar 2025

09.00 Kunstig intelligens – muligheter og utfordringer

Eirik Solheim

09.45 Pause og utstilling

10.05 Kan en presset kommuneøkonomi presse de etiske grensene?

Tina Søreide, konkurransedirektør

Line Fusdahl (H), leder av kontrollutvalget i Tromsø

Rannveig Mogren, kommunedirektør i Gausdal kommune og nestleder i styret i Norsk
Kommunedirektørforum

11.00 Pause og utstilling

11.20 Helseplattformen – hva gikk galt?

Gjermund Gorset (A), leder av kontrollutvalget i Trondheim kommune

Per Olav Nilsen, revisjonsdirektør i Trondheim kommune

Annette Gohn-Hellum, ekspedisjonssjef i Riksrevisjonen

12.05 Pause og utstilling

12.25 Kommunalt lederskap: Når status quo ikke er alternativet

Agnar Kaarbø, politisk redaktør i Kommunal Rapport

13.00 Lunsj



Saksframlegg

Saksnr: 2024/49-6
Saksbehandlar: Hogne Haktorson

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Stord kommune, Kontrollutvalet	6/25	18.02.2025

Årsmelding 2024 for Stord kontrollutval

Forslag til innstilling

Kommunestyret godkjenner årsmelding 2024 for kontrollutvalet i Stord kommune.

Samandrag

Sekretariatet har laga forslag til utvalet si årsmelding for 2024. Årsmeldinga frå kontrollutvalet må reknast som ein del av den lovpålagte rapporteringa frå utvalet til kommunestyret.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Årsmelding 2024 for Stord kontrollutval

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Sekretariatet har utarbeidd forslag til årsmelding for kontrollutvalet i Stord kommune for 2024. Årsmeldinga skal gje oversikt over kva kontrollutvalet har arbeidd med i året som gjekk.

Vedtakskompetanse

Det er kommunestyret som har vedtakskompetanse i saker som vert rapportert frå kontrollutvalet, jf. kommunelova § 23-5 der det står dette:

«Kontrollutvalget skal rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret eller fylkestinget.»

Vurderingar og verknader

Føremålet med årsmeldinga skal vera å rapportere resultata av kontrollutvalet sitt arbeid til kommunestyret, som er kontrollutvalet sin oppdragsgjevar. Årsmeldinga peikar både på behandling av saker som er slutført frå kontrollutvalet si side og på kva som må følgjast opp vidare framover.

Årsmeldinga frå kontrollutvalet må reknast som ein del av den pålagde rapporteringa frå utvalet til kommunestyret. Sekretariatet meiner difor at det vil vera naturleg at kommunestyret godkjenner årsmeldinga i eiga politisk sak, slik det og har vore gjort i ei årrekke.

Konklusjon

Det blir på bakgrunn av dette tilrådd at utvalet legg fram årsmelding for kontrollutvalet for 2024 til godkjenning i kommunestyret.



ÅRSMELDING 2024

FOR KONTROLLUTVALET

I

STORD KOMMUNE



Bilde frå nettsida til Stord kommune.

1 Føremål og oppgaver for kontrollutvalet

Føremålet med kontrollutvalet sitt arbeid er å medverke til at det vert allmenn tillit til at kommunen sine oppgaver vert løyst på best mogleg måte, og i samsvar med gjeldande lover og forskrifter. I kommunelova finn ein kap. 23 «Kontrollutvalgets virksomhet». I § 23-1 står det mellom anna:

«Kommunestyret og fylkestinget velger selv et kontrollutvalg som skal føre løpende kontroll på deres vegne.»

I kommunelova § 23-2 står det m.a.:

Kontrollutvalget skal påse at

- a) kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte
- b) det føres kontroll med at den økonomiske forvaltningen foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak
- c) det utføres forvaltningsrevisjon av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet, og av selskaper kommunen eller fylkeskommunen har eierinteresser i
- d) det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser i selskaper mv. (eierskapskontroll)
- e) vedtak som kommunestyret eller fylkestinget treffer ved behandlingen av revisjonsrapporter, blir fulgt opp. at kommunen har en forsvarlig revisjonsordning.

2 Samansetjing av kontrollutvalet

Kontrollutvalet for perioden 2023 – 2027 er slik samansett:

Tarjei Aamot Haga (Ap)	Leiar
Nils Magne Blålid (SV)	Nestleiar
Inga Margrethe Fagerbakke (Ap)	Medlem
Fredrik Litleskare (H)	Medlem
Randi Høgås Nesse (uavh.)	Medlem

Minst ein av dei valde skal og ha sete i kommunestyret. Tarjei Aamot Haga og Fredrik Litleskare er kommunestyremedlemar.

3 Om verksemda til kontrollutvalet i 2024

- Kontrollutvalet i Stord kommune hadde 5 møter i 2024 og handsama 41 politiske saker og 29 referatsaker.
- Ordførar har møterett i kontrollutvalet.
- Kommunedirektør og andre tilsette i kommunen har møtt når dei har vorte innkalla.
- Revisjonen har møtt på alle møta i kontrollutvalet
- Kontrollutvalet har fått tilgang til den informasjonen det vart bede om.

4 Sekretariatsordninga

I kommunelova § 23-7 står det at kommunestyret skal sørgja for sekretærbistand til kontrollutvalet som tilfredsstiller utvalet sitt behov. Sekretærfunksjonen kan ikkje leggjast til kommunen sin administrasjon.

Kommunestyret skal sørge for at kontrollutvalget får sekretariatsbistand som tilfredsstillende utvalgets behov. Sekretariatet skal påse at de saker som behandles av kontrollutvalget, er forsvarlig utredet, og at utvalgets vedtak blir iverksatt. Sekretariatet skal være uavhengig av kommunens administrasjon og av den eller de som utfører revisjon for kommunen.

Sekretariat for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune er sekretær for kontrollutvalet i Stord kommune, og kontrollsjef Hogne Haktorson har møtt på alle møta.

Sekretariatet var i 2024 også sekretariat for kontrollutvalga i Vestland fylkeskommune og Møre og Romsdal fylkeskommune, samt kontrollutvalga i desse kommunane: Kvinnherad, Bømlo, Fitjar, Tysnes, Austevoll, Ulvik, Eidfjord, Kvam, Ullensvang, Øygarden, Samnanger, Vaksdal og Askøy.

Vestland fylkeskommune / Hordaland fylkeskommune har utført sekretariatstenester for Stord kommune sidan 2008. Det er gjennomført konkurranse gjeldande sekretariats-tenester for fem kommunar i Sunnhordland andre halvår 2022. Vestland fylkeskommune held fram som sekretariat for Stord kommune. Ny avtale gjeld frå 01.01.2023 til 01.01.2025, med opsjon på 1 + 1 år.

5 Revisjonsordninga og revisjonstenesta

Revisjonsordninga.

Kontrollutvalet skal på vegne av kommunestyret ha tilsyn med den kommunale forvaltninga. Utvalet må halda seg orientert om kva saker revisjonen arbeider med og føra tilsyn med at revisjonsarbeidet er à jour og føregår i samsvar med forskrift og vedtak.

Stord kommune har nytta kjøp av revisjonstenester som revisjonsordning frå 01.01.2006.

Revisjonstenesta.

Konkurranse for ny avtaleperiode – frå 01.07.2021 – gjekk føre seg vinter/vår 2020/2021. Kontrollutvalet gav si innstilling i møte 19.04.21 (PS 19/21). Kommunestyret vedtok innstillinga i sitt møte 27.05.21 (PS 12/21):

«Kommunestyret i Stord kommune vel Deloitte AS som revisor frå 01.07.2021 – 30.06.2025.»

Det er starta opp arbeid med ny konkurranse hausten 2024 og ny kontrakt for revisor skal gjelde frå 01.07.2025.

Deloitte AS har lagt fram revisjonsmelding, slik kravet er, samt lagt fram rapportar og annan informasjon om revisjonen sitt arbeid.

På grunnlag av revisjonen sine rapportar, rekneskapsplan og annan informasjon, har utvalet ført tilsyn med at forvaltninga er i samsvar med gjeldande lover, forskrifter og vedtak. Utvalet skal vidare i samarbeid med revisjonen gjennomføra ei systematisk vurdering av bruk og forvaltning av dei kommunale midlar, med utgangspunkt i oppgåver, ressursbruk og oppnådde resultat (forvaltningsrevisjon).

Til dagleg er det den valde revisor som utfører tilsynet og kontrollen mot kommunen, men kontrollutvalet har eit eige ansvar med å sjå til at arbeidet vert tilfredsstillande utført. Kommunelova stiller krav om at utvalet sjølv må visa ei aktiv haldning. For å få utført det arbeid utvalet er pålagt, er ein avhengig av god kommunikasjon med kommunestyret, administrasjonen i kommunen og revisor. Samarbeidet har vore godt med dei aktuelle aktørane. Ansvarleg revisor var partner i Deloitte AS Else Holst-Larsen fram til 31.08.24. og

partner i Deloitte Unni-Renate Moe frå 01.09.2024,. I tråd med regelverket er eigenvurdering for at Deloitte AS er uavhengig i høve til Stord kommune, lagt fram for kontrollutvalet.

Utanom revisjon av årsrekneskapen, har revisor og gjennomført forenkla etterlevingskontroll, laga revisjonsplan og lagt fram interimisrevisjonsrapport, som alle er handsama i kontrollutvalet.

6 Forvaltningsrevisjon.

Ei av dei viktigaste oppgåvene til kontrollutvalet er å gjennomføre forvaltningsrevisjon av kommunen si verksemd samt med selskap der kommunen har eigarinteresser, og er ei av utvalet sine lovpålagde oppgåver. Forvaltningsrevisjon er eit verktøy som kommunestyret og kontrollutvalet skal nytte for å sikre at kommunen på best mogleg måte tek omsyn til innbyggjarane sine behov og rettar.

I kommunelova § 23-2 står det:

Kontrollutvalget skal påse at det gjennomføres forvaltningsrevisjon med kommunens virksomhet samt med selskaper som kommunen har eierinteresser i.

Det står vidare i kommunelova § 23-3:

Forvaltningsrevisjon innebærer å gjennomføre systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, regeletterlevelse, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak.

6.1 Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2024 – 2028

Kommunen skal, etter lova, utarbeide ein plan for forvaltningsrevisjon slik at gjennomføring av forvaltningsrevisjon vert utført på ein planmessig måte og for å sikre at kommunestyret vel ut dei mest relevante prosjekta. Planen skal vere basert på ei risiko- og vesentlegvurdering.

I kommunelova § 23-3 står det:

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og virksomheten i kommunens eller fylkeskommunens selskaper. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for forvaltningsrevisjon.

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegere til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.”

Kontrollutvalet har med god bistand frå Deloitte AS, gjennomført ei slik risiko- og vesentlegvurdering av kommunen si verksemd og av verksemda i kommunen sine selskap.

Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2024 – 2028 vart vedteke av kommunestyret 17.06.2024:

1. Forslag til plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2024 – 2028 for Stord kommune vert vedteken slik den ligg føre.
2. Planen gjeld for resten av valperioden og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2028.
3. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å foreta endringar og omprioriteringar i planen, samt til å kunna definera og avgrensa konkrete prosjekt innafor dei utvalde områda i

- planen.
4. Planen skal evaluerast minst ein gong i valperioden. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne evalueringa.
 5. Kontrollutvalet skal innstilla om rapport etter forvaltningsrevisjonar til kommunestyret etter kvart.

I den vedtekne planen er desse prosjekta sett opp som prioriterte forvaltningsrevisjonar:

1. Rus og psykisk helse
2. Heimebaserte tenester
3. Skulemiljø
4. Berekraft og klima
5. Vatn og avløp
6. Barneverntenesta (Sunnhordland interkommunale barnevern – SIB)
7. Bemanning, personalforvaltning og sjukefråvær

Det er og teke med nokre prosjekt i uprioritert rekkefølge.

6.2 Gjennomføring av prosjekt innan forvaltningsrevisjon

Pkt. 6.3 gjeld bestilling av prosjekt i 2024, med levering i 2025.

Pkt. 6.4 - 6.6 gjeld oppfølging av tidlegare forvaltningsrevisjonar.

6.3 Forvaltningsrevisjon av psykisk helse- og rustenester i Stord kommune

Denne revisjonen har høgst prioritering i plan for forvaltningsrevisjon, jmf, pkt. 6.1 i årsmeldinga. Det er sett i gong revisjon innan saksfeltet.

Av den godkjende prosjektplanen går det fram at føremålet med forvaltningsrevisjonen er:

«Føremålet med prosjektet vil vere å undersøke om Stord kommune har ei føremålstenleg organisering av psykisk helse- og rustenester for å sikre eit heilskapleg og koordinert tenestetilbod for menneske med samansette rus- og/eller psykiske helseutfordringar.»

Med bakgrunn i prosjektet sitt føremål har revisjonen formulert følgjande problemstillingar:

- 1) I kva grad har Stord kommune etablert ei systematisk styring av psykisk helse- og rustenestene i kommunen? Under dette:
 - a) Har Stord kommune etablert mål for arbeidet retta mot personar med utfordringar knytt til psykisk helse og/eller rus, og i kva grad blir måla følgt opp?
 - b) Er oppgåver og ansvar innan psykisk helse- og rustenester tydeleg fordelt (inkludert forløpskoordinering)?
 - c) Har kommunen oversikt over eigen kompetanse og eventuelle noverande og framtidige kompetansebehov, samt ein plan for å sikre nødvendig kompetanse innan psykisk helse- og rustenester for vaksne med samansette rus- og/eller psykisk helseutfordringar?
- 2) Legg organiseringa av psykisk helse- og rustenester i Stord kommune til rette for heilskapelege og koordinerte tenester til personar med samansette utfordringar knytt til rus og/eller psykisk helse? Under dette:
 - a) Er det etablert tilstrekkeleg samhandling mellom dei kommunale tenestene som arbeider med denne brukargruppa?
 - b) Er det etablert system og rutinar for å sikre tilstrekkeleg samarbeid mellom psykisk helse- og rusteneste og spesialisthelsetenesta (t.d. DPS og sjukehus) til dømes ved utskriving av pasientar?

- 3) Blir det gjennomført tilstrekkeleg kartlegging og etablert plan for oppfølging av brukarar som sikrar tilpassa tenester? Under dette:
 - a) Er det etablert felles system og rutinar for innhenting informasjon ved kartlegging av nye brukarar?
 - b) I kva grad er det nytta individuelle planar, ansvarsgrupper eller andre relevante tiltak for samordning og koordinering av tenester for brukarar med samansette lidningar?
 - c) I kva grad får brukarane tenester dei har vedtak på (til dømes buoppfølging)?
- 4) Har kommunen etablert system og rutinar for å sikre medverknad frå brukarar og eventuelle pårørande innan psykisk helse- og rustenester? Under dette:
 - a) I kva grad er det lagt til rette for at brukarane av psykisk helse- og rustenestene, og eventuelle pårørande, kan medverke ved tildeling og evaluering av tenester til den enkelte brukar?
 - b) I kva grad er det etablert system og rutinar for å hente inn erfaringar med tenestene og innspel til forbetring av tenestene frå brukarar og pårørande?

Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan 30.04.2024, ferdig verifisert og med kommunedirektøren sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd, slik at den kan handsamast i kontrollutvalet i maimøtet i 2025. Så går den vidare til kommunestyret før sommaren 2025.

6.4 Forvaltningsrevisjon av effektivitet og kvalitet i tenester til psykisk utviklingshemma i Stord kommune

Kommunestyret i Stord kommune handsama forvaltningsrevisjonsrapport om effektivitet og kvalitet i tenester til personar med utviklingshemming i møte 11.05.2023, sak PS 12/23. Rapporten har hovudfokus på tenester til psykisk utviklingshemma. Det vart gjort slik vedtak etter innstilling frå kontrollutvalet:

«På bakgrunn av gjennomført forvaltningsrevisjon om effektivitet og kvalitet i tenester til personar med utviklingshemming, ber kommunestyret rådmannen syta for å:

1. Arbeida vidare med å tilby eit tilstrekkeleg variert arbeids- og aktivitetstilbod som er tilpassa behova og ønska til brukarane.
2. Sikra at personar som har fått vedtak om støttekontakt får innfridd tenestene, ev. vurderer alternative ordningar i ein overgangsperiode.
3. Sikra systematisk oppfølging og førebygging av sjukefråvær i alle avdelingar i eining for habilitering.
4. Arbeida vidare med å sikra at tilsette og vikarar får tilstrekkeleg opplæring i avviksrutinar og kva som skal meldast som avvik, samt sørgja for tilbakemelding til melder og at avvik blir brukt til læring og forbetring av tenestene.
5. Utarbeida kompetanseplanar for eining for habilitering og underliggende avdelingar.
6. Etablere system for å henta inn og gjera bruk av erfaringar frå brukarar og deira pårørande i forbetringsarbeid.
7. Kommunestyret ber også om at rådmannen lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 31.08.2023 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.»

Ved siste oppfølging etter forvaltningsrevisjonen, i møte 15.04.24 (PS 9/24), vart revisjonen avslutta gjennom dette vedtaket:

1. Kontrollutvalet tar tilbakemeldinga frå kommunedirektøren, når det gjeld forvaltningsrevisjon om effektivitet og kvalitet i tenester til personar med utviklingshemming, herunder budsjettkonsekvensar og utvikling i sjukefråvær, gjennomtrekk i stillingar og kompetanse, til orientering.

2. Kontrollutvalet ser positivt på oppfølginga av forvaltningsrevisjonen, handlingsplanen og dei tiltak som er sett i verk, og ser ikkje behov for vidare oppfølging av handlingsplanen frå kontrollutvalet si side.

6.5 Forvaltningsrevisjon av førebyggjande arbeid for barn og unge

Kontrollutvalet bestilte forvaltningsrevisjon om førebyggjande arbeid for barn og unge. Revisjonsrapport kom opp i kontrollutvalet sitt møte 23.05.2022 (PS 20/22), som innstilte overfor kommunestyret, der rapporten kom til handsaming 21.06.2022 (PS 26/22). Kommunestyret fatta slik vedtak:

«På bakgrunn av forvaltningsrevisjonsrapport om førebyggjande arbeid for barn og unge i Stord kommune, ber kommunestyret rådmannen om å:

1. Etablere ei overordna oversikt over mål og planar innan førebyggjande arbeid retta mot barn og unge, og sikre tilstrekkeleg operasjonalisering av måla som er sett for tenestene på området.
2. Sikre tydeleggjering av oppgåver, rollar og ansvar innan førebyggjande arbeid retta mot barn og unge. Under dette:
 - a) Tydeleggjere oppgåver og ansvar i dei tilfella der fleire tenester har overlappende ansvar og det dermed er risiko for at oppfølginga kan gleppe.
 - b) Tydeleggjere rollar og ansvar knytt til bruk av stafettloggen.
3. Sikre at alle tilsette er tilstrekkeleg kjend med
 - a) kva som ligg til ansvar og oppgåver som koordinator for arbeid med individuell plan.
 - b) rutinar og verktøy som er etablert for å sikre kartlegging og oppfølging av barn med behov for oppfølging.
4. Etablere rutinar som sikrar at tenester etterspør samtykke frå foreldre om overføring av informasjon til relevante instansar, i tilfelle der familiar med utsette barn skal flytte frå kommunen.
5. Leggje til rette for at fleire tilsette i kommunen har god kunnskap om BTI-modellen og dermed til dømes kan gjennomføre opplæring i BTI-metodikken for andre tilsette.
6. Sikre at det blir etablert klare samarbeidsstrukturar og tilstrekkeleg tverrsektorielle møteplassar mellom sentrale tenester i OKU og RHO som jobbar opp mot barn og familiar i kommunen.
7. Etablere rutinar for å melde avvik knytt til samhandlinga mellom tenestene i det førebyggjande arbeidet retta mot barn og unge, og rutinar for å følgje opp slike avvik.
8. Lage en prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.11.2022 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgje opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.»

Handlingsplanen, og vidare oppfølging av denne, vart handsama av kontrollutvalet fleire gonger i 2022, 2023 og 2024. Ved siste oppfølging etter forvaltningsrevisjonen, i møte 15.05.24 (PS 21/24), vart revisjonen avslutta gjennom dette vedtaket:

1. Kontrollutvalet tar tilbakemeldinga frå kommunedirektør når det gjeld forvaltningsrevisjon om førebyggjande arbeid for barn og unge i Stord kommune til orientering.
2. Kontrollutvalet er av den oppfatning at kommunedirektør har gjort god nytte av forvaltningsrevisjonen, og at forslag til tiltak følgjast godt opp.
3. Kontrollutvalet er trygg på at den vidare oppfølginga av forvaltningsrevisjonen skjer utan at utvalet i nær framtid treng fleire orienteringar om saka.

6.6 Forvaltningsrevisjon innan beredskap.

Kontrollutvalet bestilte forvaltningsrevisjon innan beredskap i møte 15.10.2020 (sak PS 34/20)

Innstilling i høve endeleg rapport var oppe i kontrollutvalet 19.05.21 (PS 26/21). Med endra ordlyd i pkt. B8, vedtok kommunestyret innstillinga i sitt møte 27.05.21 (PS 16/21):

«På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan beredskap i Stord kommune ber kommunestyret rådmannen syta for vurderingar og utarbeiding av aktuelle tiltaksplanar i høve desse tilrådingane:

- A1. Kommunen skal utarbeide ny ROS-analyse så snart som mogleg.
- A2. Kommunen skal etablere ein tydelig plan for krisekommunikasjon som del av overordna beredskapsplan.

- B1. Kommunen skal vurdere å styrka ressursar innafor eksisterande rammer knytt til arbeid med beredskap på administrativt nivå i kommunen.
- B2. Kommunen bør planlegge for fullstendig bortfall av IKT-tenester i kommunen.
- B3. Kommunen bør vurdere å gjennomføre ei fullskalaøving med bortfall av alle digitale tenester, inkludert naudnett, DAB-radio, satellitt-kommunikasjon, etc.
- B4. Kommunen skal synleggjere korleis forskjellige risiko- og tryggleiksfaktorar kan verke inn på kvarandre ved neste revidering av ROS, spesielt i samband med IKT.
- B5. Kommunen skal kontrollere at planane vert reviderte jamleg for å sikre at dei blir levande dokument. Alle planar bør òg syna kva tid planane er reviderte og oppdaterte.
- B6. Kommunen skal etablere rutinar for dokumentasjon av gjennomgang av beredskapsplanar for tilsette.
- B7. Kommunen skal etablere eit system der revidert plan må godkjennast av andre enn den som har ansvar for den konkrete planen for å bli rekna som revidert.
- B8. Kommunen skal ha rutinar for å gjera skriftlege evalueringar i etterkant av øvingar.

- C1. Kommunen skal vurdere å inngå avtale om beredskap med fleire overnattingsstader i, eller i tilknytning til, kommunen.
- C2. Kommunen skal vurdere om dei tilsette bør vere meir aktivt med i revisjon av planane.
- C3. Kommunen skal vurdere om tilsette kan gis opplæring i beredskapsarbeidet i eiga eining.
- C4. Kommunen bør vurdere å samle arbeidet med IT-tryggleik, plan for opplæring i IT-tryggleik og oppfølging av opplæring i IT-tryggleik på same stad i kommunen, for å sikre betre oversyn over den generelle IT-tryggleika.

Rådmannen vert og beden om:

- D1. Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.10.2021 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.
- D2. At tilråding om tiltak innan beredskap som krev politiske vedtak, vert teke opp som politisk sak etterkvart, i dei organ som har innstillingskompetanse og vedtakskompetanse.»

Det har vore mange oppfølgingar i kontrollutvalet etter at vedtaket var gjort, sist i møte 04.12.2024, der det i sak PS 35/24 vart gjort slik vedtak:

- 1. «Kontrollutvalet ser positivt på det forbetningsarbeidet som er utført i samband med forvaltningsrevisjon innan beredskap i Stord kommune.

2. Utvalet ber kommunedirektøren koma med ny skriftleg status, for pkt. B4 og B5 til første møte i utvalet, hausten 2025.
3. Ny statusrapport vert å senda til sekretariatet innan 15.08.25.»

Kontrollutvalet vil informera om oppfølgingsarbeidet vidare, i årsmelding for 2025.

7 Eigarskapskontroll.

I den nye kommunelova er selskapskontroll erstatta med forvaltningsrevisjon i selskap, og eigarskapskontroll. Dette står om eigarskapskontroll i kommunelova § 23-2 d:

Kontrollutvalget skal påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eierinteresser i selskaper mv. (eierskapskontroll)

Det står i tillegg litt meir utfyllande om eigarskapskontrollen i kommunelova § 23-4:

Eierskapskontroll innebærer å kontrollere om den som utøver kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser, gjør dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og anerkjente prinsipper for eierstyring.

7.1 Plan for eigarskapskontroll.

Kommunen skal, etter lova, utarbeide ein plan for eigarskapskontroll slik at kontrollen med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap vert utført på ein planmessig måte og for å sikre at kommunestyret vel ut dei mest relevante prosjekta. Planen skal vere basert på ei risiko- og vesentlegvurdering.

Følgjande står om plan for eigarskapskontroll i kommunelova § 23-4:

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for hvilke eierskapskontroller som skal gjennomføres. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens og fylkeskommunens eierskap. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for eierskapskontroll.

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegere til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen

Plan for eigarskapskontroll for perioden 2024 – 2028

Kontrollutvalet har med god bistand frå Deloitte AS, gjennomført ei slik risiko- og vesentlegvurdering av kommunen sin eigarskap i selskap. Plan for eigarskapskontroll for perioden 2024 – 2028 vart vedteke av kommunestyret 17.06.2024:

1. Forslag til plan for eigarskapskontroll for perioden 2024 – 2028 for Stord kommune vert vedteken slik den ligg føre.
2. Planen gjeld for resten av valperioden og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2028.
3. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å foreta endringar og omprioriteringar i planen, samt til å kunna definera og avgrensa konkrete prosjekt innafor dei utvalde områda i planen.
4. Planen skal evaluerast minst ein gong i valperioden. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne evalueringa.

5. Kontrollutvalet skal innstilla om rapport etter eigarskapskontrollar til kommunestyret etter kvart.

I den vedtekne planen er desse prosjekta sett opp som prioriterte eigarskapskontrollar:

1. SIM
2. Stord kommunale utviklingsselskap

Det er og teke med nokre prosjekt i uprioritert rekkefølge.

7.2 Prosjekt innan eigarskapskontroll.

Eigarskapskontroll av overordna eigarskapsforvaltning.

Kontrollutvalet bestilte eigarskapskontroll av overordna eigarskapsforvaltning i møte 20.04.2023, sak PS 13/23.

Rapport etter eigarskapskontrollen vart handsama av kontrollutvalet 15.04.24 (sak PS 11/24), som innstilte overfor kommunestyret.

I kommunestyremøte 30.05.2024 (sak PS 41/24), fatta kommunestyret slik vedtak:

På bakgrunn av eigarskapskontroll av overordna eigarskapsforvaltning i Stord kommune, ber kommunestyret kommunedirektøren om å:

1. Utarbeide ei samla, skriftleg oversikt med fordeling av roller og ansvar i arbeidet med eigarskapsforvaltninga.
2. Legge til rette for supplerande opplæring knytt til eigarskapsforvaltning til folkevalde seinare i valperioden, samt opplæring for styremedlemmar som er innstilt frå kommunen.
3. Forankre eigarskapsmelding og eigarstrategiar i selskapa kommunen har eigarskap i.
4. Vurdere å tydeleggjere, til dømes i eigarskapsmeldinga, kva kriterium som ligg til grunn for kva selskap det skal bli utarbeidd eigarstrategi for og eventuelt kva selskap kommunen ønskjer å følgje særskilt opp basert på ei risiko- og vesentlegvurdering.
5. Vurdere om det er behov for noko meir utfyllande eigarstrategiar for dei viktigaste selskapa.
6. Etablere rutinar for å føre referat frå eigarmøte, for å sikre sams oppfatning om det som er diskutert og informert om i møta.
7. Etablere retningslinjer for at valkomiteen si innstilling av styrekandidatar skal grunngjevast skriftleg i saksframlegget til kommunestyret.
8. Følgje opp kommunen sine eigne føresegn og retningslinjer for arbeidet med eigarskapsforvaltning, under dette:
 - a) Sørge for at rekneskap, årsmelding, strategidokument og liknande blir lagt fram for relevant politisk organ i forkant av møte i eigarorgan so langt det er mogleg og føremålstenleg.
 - b) Sørge for at det ikkje er same styremedlemmar i morselskap og dotterselskap, ev. forklare kvifor dette prinsippet ikkje blir etterlevd.
 - c) Opprette valkomité i selskap kommunen eig saman med andre eigarar.
 - d) Følgje opp at styremedlemmar blir registrert i KS sitt styrevervregister.
9. Etablere rutinar for å følgje opp at kommunen sine krav og forventningar blir etterlevd av selskapa som kommunen har eigarskap i (til dømes gjennom eigarmøte, krav til rapportering, gjennomgang av sentral dokumentasjon).
10. Lage ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 02.09.24 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgje opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Handlingsplan vart etterspurt på nyåret og vil bli handsama av kontrollutvalet i deira møte i februar 2025.

8 Rekneskapsrevisjon.

Revisjon av årsrekneskapen er ein heilt sentral del av eigenkontrollen i kommunen. Revisor skal gje tryggleik for at ein kan stole på informasjonen kommunen gjev om økonomien sin.

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen blir revidert på ein forsvarleg måte. Utvalet er difor avhengig av at revisor i tilstrekkeleg grad rapporterer om revisjonsarbeidet. At kontrollutvalet og revisor har ein god dialog og god forståing av sine oppgåver, er viktige føresetnader for å skape tryggleik for at revisjonsarbeidet blir forsvarleg utført.

I kommunelova § 23-2 står mellom anna dette:

Kontrollutvalget skal påse at

- a) Kommunen eller fylkeskommunen sine årsregnskaper blir revidert på en betryggende måte

Dette står om rekneskapsrevisjon i forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 3:

Kontrollutvalget skal holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at

- a) Kommunen eller fylkeskommunen sine årsregnskaper blir revidert på en betryggende måte
- b) Regnskapsrevisjonen blir utført i samsvar med lov, forskrift og kontrollutvalgets instruksjer og avtaler med revisor
- c) Regnskapsrevisjonen blir utført av revisorer som oppfyller kravet i kapittel 2 og 3

Kontrollutvalget skal uttale seg til kommunestyret eller fylkestinget om årsregnskapene og årsberetningene før formannskapet eller fylkesutvalget innstiller til vedtak.

8.1 Rekneskap for Stord hamnestell for 2023:

Einingsleiar med Stord hamnestell som ansvarsfelt, var tilstades og svara på spørsmål frå kontrollutvalet, då årsrekneskapen vart handsama i møte 15.05.24 (PS 15/24).

Følgjande uttale vart fatta:

- «Kontrollutvalet registrerer at Stord hamn i 2023 har driftsinntekter på kr. 17.865.000 og eit netto driftsresultat er på kr 2.512.000. Det gjev eit driftsresultat på 14,06 % (Sett opp mot sum driftsinntekter), dvs. godt over tilrådinga til TBU.
- Kontrollutvalet støttar seg til Deloitte sin uttale om den økonomiske situasjonen for Stord hamn for året 2023, og har ikkje øvrige merknader til denne enn dei som er omtalt i saksframlegget.
- Uttalen vert send kommunestyret via utval for byutvikling og/eller via formannskapet.»

8.2 Årsrekneskap for Stord kommune for 2023.

Kontrollutvalet handsama i møte 15.05.2024, (PS 16/24) årsrekneskapen for 2023 i Stord kommune. Økonomisjefen deltok under handsaminga.

I uttalen hadde kontrollutvalet slik oppsummering/tilrådingar:

